

Innkalling til årsmøte 2016 i Bergen ungdomslag Ervingen

Du vert med dette kalla inn til årsmøte i Bergen ungdomslag Ervingen, 24. februar 2016, klokka 18.00 i Gimle.

Sakliste:

- 1 Velkomen/opning
- 2 Konstituering
- 3 Årsmelding 2015
- 4 Rekneskap for 2015
- 5 Endring av Føresegner for Bergen ungdomslag Ervingen sitt Reservefondet
- 6 Budsjett 2016
- 7 Medlemspengar 2017
- 8 Fråsegner
- 9 Innkomne saker
- 10 Val

Årsmøtepapira er tilgjengelege frå onsdag 10. februar 2015. Du kan få dei ved å venda deg til kontoret (Fensal, Kong Oscars gate 15), e-post kontoret@bergen.ungdomslag.no eller tlf. 55317446. Dei vert òg å finna på heimesida til laget, bergen.ungdomslag.no

Endring av Føresegner for Bergen ungdomslag Ervingen sitt Reservefondet

Låneavtalen med Ervingen Lagsbruk AS er endra og det er difor naudsynt å endre føresegnene for Reservefondet §3 Fondsmiddel og §6 Løyvingar. Endring i føresegner krev ein månads varsel. Lagsstyret vil difor invitere til debatt om saka på årsmøte 24. februar, men kallar samstundes inn til **omframte årsmøte 4. april 2016 kl. 19.00** i Gimle for røysting i saka. Endringsframlegget er tilgjengeleg på lik line som dei andre årsmøtepapira, sjå over. Endring i føresegner for Reservefondet er einaste sak på omframte årsmøte 4. april.

Helsing lagsstyret i Bergen ungdomslag Ervingen

Magne Hagesæter
Organisasjonssekretær